
Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Elisabeth Steckmest, Hordaland fylkeskommune

Arkivsaksnr.: 05/00027

FRAMTIDA TIL KYSTSTAMVEGUTVALET

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet rår til at Kyststamvegutvalet formelt vert avvikla, og ber om at saka vert oversendt dei aktuelle fylkeskommunar for endeleg vedtak.
2. Vestlandsrådet føreslår at 85% av inneståande midlar i Kyststamvegutvalet vert overført til Vestlandsrådet og 15% av tilsvarande midlar til Vest-Agder fylkeskommune. Vestlandsrådet legg til grunn at midlane vert disponert til utgreiingsarbeid m.v. til samferdselsføremål.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Elisabeth Steckmest, Hordaland fylkeskommune

Arkivsaksnr.: 05/00027

Saksframstilling

SAMANDRAG

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om avvikling av Kyststamvegutvalet og frigjering av midlar som har samla seg opp over tid.

Kyststamvegutvalet vart oppretta i 1985, samansett av fylkesordførarane og leiarane i komité/utval for samferdselssaker i Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I tillegg har vegsjefane i desse fylka delteke i utvalet.

Kyststamvegutvalet stod bak ei rekke vegutgreiingar om E39 Kyststamvegen på 80- og 90-tallet. Dette arbeidet enda opp i Stortingsmeldinga om E39 Kyststamvegen som vart framlagt for Stortinget i 1995. Etter handsaminga av Stortingsmeldinga har Kyststamvegutvalet arbeidd for å styrkja og utvikle E39 Kyststamvegen som transportåre mellom fylka og gjennom landsdelen.

Med oppretting av Vestlandsrådet og rådet sine oppgåver på samferdselsområdet herunder utvikling av E39 Kyststamvegen ser ikkje fylkesrådmannen behovet lenger for å oppretthalde Kyststamvegutvalet.

Fylkesrådmannen foreslår vidare at 85% av fondsmidlane frå Kyststamvegutvalet vert overført til Vestlandsrådet og at 15% vert overført til Vest-Agder fylkeskommune. Dette svarar til fordelingsnøkkelen ved innbetalingane av kontingent til utvalet. Midlane bør disponerast til utgreiingsarbeid m.v. til samferdselsføremål.

Bakgrunn

Kyststamvegutvalet vart oppretta i 1985, samansett av fylkesordførarane og leiarane i komité/utval for samferdselssaker i Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I tillegg har vegsjefane i desse fylka delteke i utvalet.

Kyststamvegutvalet stod bak ei rekke vegutgreiingar om E39 Kyststamvegen på 80- og 90-tallet. Dette arbeidet enda opp i stortingsmeldinga om E39 Kyststamvegen som vart framlagt for Stortinget i 1995. Etter framlegginga av stortingsmeldinga har Kyststamvegutvalet arbeidd for å styrkja og utvikle E39 Kyststamvegen som transportåre mellom fylka og gjennom landsdelen.

I oktober 2000 vedtok Kyststamvegutvalet ei samordning av SAVOS (samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet) si arbeidsgruppe samferdsel og kommunikasjon og Kyststamvegutvalet. Med ei slik organisering skulle SAVOS overta aktivitetar i Kyststamvegutvalet og kunne nytte utvalet sine midlar til aktuelle tiltak. Gjennom SAVOS og Kyststamvegutvalet har fylkeskommunane på Vestlandet hatt eit tett og godt samarbeid på samferdselsområdet.

SAVOS vart avvikla 31.12. 2003 og transportoppgåvene lagt inn under Vestlandsrådet si samferdselsgruppe. I og med at Vest-Agder ikkje inngår i samarbeidet i Vestlandsrådet har det ikkje vore grunnlag for ei framleis samordning med arbeidsoppgåvene i Kyststamvegutvalet. Uavhengig av dette vil det dessutan no vere aktuelt å vurdere om Kyststamvegutvalet formelt bør avviklast, og på

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Elisabeth Steckmest, Hordaland fylkeskommune

Arkivsaksnr.: 05/00027

denne måten frigjere midlar som har samla seg opp over tid.

Finansiering av Kyststamvegutvalet

Aktivitetane i Kyststamvegutvalet vart finansiert gjennom årleg kontingent for den enkelte fylkeskommune etter følgjande fordelingsnøkkel:

| TILSKOTT FRÅ FYLKESKOMMUNANE | Tilskott pr år (kr) | Tilskott pr år (%) |
|-------------------------------------|--------------------------------|-------------------------------|
| Hordaland | 120 000 | 30 |
| Rogaland | 100 000 | 25 |
| Møre og Romsdal | 80 000 | 20 |
| Vest-Agder | 60 000 | 15 |
| Sogn og Fjordane | 40 000 | 10 |
| Totalt | 400 000 | 100 |

I tillegg fekk Kyststamvegutvalet finansinntekter (renter frå fond). 2002 var det siste året fylkeskommunane betalte kontingent inn til Kyststamvegutvalet, med unntak av Hordaland fylkeskommune som betalte inn medlemskontingent også i 2003 (kr. 128 000).

Aktivitetar i Kyststamvegutvalet frå 2000 til 2003

Under har vi kort skissert ulike tiltak og aktivitetar som er gjennomført i regi av Kyststamvegutvalet i perioden 2000 til 2003.

- Utarbeiding av informasjon om Kyststamvegutvalet og Kyststamvegen E39. Det viktigaste arbeidet i den samanheng var utarbeiding av rapporten ”Ressursrik og kreativ landsdel søker samband...”, utgjeving av nyheitsbrev og etablering av internettsida Kyststamvegen.no.
- Arbeid med å sikre prioritering av Kyststamvegen E39 og auka standard på stamvegferjene i Nasjonal transportplan (NTP) 2002-2011 og NTP 2006-2015.
- Løpande oppdatert grunnlag og talmateriale om Kyststamvegen E39 og transportvilkåra på Vestlandet.
- Deltaking på oljemesse i Stavanger (ONS 2000 og ONS 2002), der ein har profilert Kyststamvegen E39 som Naturgassvegen. I samband med dette, vert det utarbeida utstilling/stand om Kyststamvegen på engelsk, opptrykk av brosjyren ”Naturgassvegen” på engelsk og annonsar i ONS informasjonsmateriell.

Økonomi Kyststamvegutvalet 2000-2003

I dette avsnittet presenterer vi økonomien i Kyststamvegutvalet i perioden 2000 til 2003.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Elisabeth Steckmest, Hordaland fylkeskommune

Arkivsaksnr.: 05/00027

Eigenkapitalen til Kystmavegutvalet er redusert med kr 167 076,- frå 2000 til 31.12.2003. Eigenkapitalen var på kr 1 673 962 i 2000. Pr 31.12.03 var eigenkapitalen redusert til kr 1 506 886,-.

Dei største utgiftene i 2000 gjekk til informasjons- og utgreiingsarbeid:

- Finansiering av utarbeiding av SAVOS rapportane "Strategiske utfordringar for samferdselsutviklinga på Sør- og Vestlandet og "Verdiskaping og transportverdi"
- Utarbeiding og trykking av presentasjonsark om Kyststamvegen
- Slutføring og trykking av rapporten "Ressursrik og kreativ landsdel søker samband... Oppdatert grunnlag og talmateriale om E39 Kyststamvegen og transportvilkår på Vestlandet".
- Deltaking på Offshore Northern Seas (ONS) 2000 i Stavanger

Utarbeiding av informasjonsmateriell om Kyststamvegen E39, og særleg materiell og annonsering i samband med opninga av Trekantsambandet, utgjorde dei største kostnadene i 2001.

I 2002, har finansieringa av prosjekta "Vestlandspakken/Vestlandsaksjonen" og "Vestlandet – strategiske analysar for Nasjonal transportplan 2006-2015" blitt ført på Kyststamvegutvalet. Kr. 344.776,- av desse vart refundert av fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Kyststamvegutvalet finansierte kr. 100.000,- av desse prosjekta.

Hordaland fylkeskommune v/samferdselsseksjonen overtok sekretariatsfunksjonen for Kyststamvegutvalet i 1999 i samsvar med vedtak i Kyststamvegutvalet. Det vart i 2002 og 2003 disponert lønsmidlar tilsvarande ½ årsverk til denne funksjonen. I tillegg til lønnskostnadane og "Vestlandspakken", har utarbeiding og trykking av informasjonsmateriell og deltaking på ONS 2002 vore dei største utgiftspostane i 2002.

Dei største utgiftene i 2003 var utarbeiding av nyhetsbrev og etablering av heimesida "Kyststamvegen.no", i tillegg til lønsutgifter.

I 2004 har det ikkje vore noe aktivitet i Kyststamvegutvalet, men Vestlandsrådet har utarbeidd informasjonsmateriell for i underkant av kr. 200 000. I fyrste omgang vart dette belasta Kyststamvegutvalet, men seinare har Vestlandsrådet delvis refundert desse utgiftene. Det er likevel eit udekka forbruk på kr. 12 049,- som vil bli trekt frå ei eventuell overføring til Vestlandsrådet.

Rekneskapet for Kyststamvegen vart avslutta 31.12.04. Da det ikkje har vore aktivitet i Kyststamvegutvalet i 2004, foreslår vi at vi tar utgangspunkt i fondsmidlane 31.12.03 ved berekning av overføringar til fylkeskommunane/Vestlandsrådet. I tillegg legg vi til renter på fondet i 2004. Det eksakte beløpet på fondet 31.12.03 var kr. 1.522.887,-. Renta i 2004 var 1,75%. Verdien som skal fordelast vert da kr. 1.549.537,-.

Fylkesrådmannen si tilråding

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Elisabeth Steckmest, Hordaland fylkeskommune

Arkivsaksnr.: 05/00027

Kyststamvegutvalet har ikkje vore i aktivitet etter at Vestlandsrådet vart oppretta. Oppgåvene som tidlegare vart ivaretekne av Kyststamvegutvalet vert no tekne hand om av Vestlandsrådet.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er føremålstenleg å oppretthalde Kyststamvegutvalet lenger og tilrår at det formelt vert avvikla. Endeleg vedtak om avvikling må gjerast i påfølgjande vedtak i den enkelte fylkeskommune (inkl. Vest-Agder).

For handsaming i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal vert teke sikte på utarbeide eit felles saksframlegg.

Fylkesrådmannen føreslår vidare at midlane frå Kyststamvegutvalet vert overført til Vestlandsrådet, med fråtrekk av kr. 128 000,- som Hordaland fylkeskommune betalte inn i årskontingent i 2003 og den delen som tilhøyrrer Vest-Agder fylkeskommune. Med ei slik tilnærming vil Vest-Agder få utbetalt 15% av fondsmidlane og Vestlandsrådet få utbetalt 85% med fråtrekk for udekka utgifter i 2004 på kr. 12 049,-.

| TILBAKEBETALING AV FONDSMIDLAR FRÅ KYSTSTAMVEGUTVALET | |
|--|------------------|
| Fond Kyststamvegutvalet 31.12.03 | 1 522 887 |
| Rente 2004 (1.75%) | 26 651 |
| Sum | 1 549 537 |
| Fråtrekk årskont. Hordaland FK 2003 | 128 000 |
| Totalt til fordeling | 1 421 537 |
| Til overføring Vest-Agder fylkeskommune | 213 231 |
| Rest | 1 208 306 |
| Fråtrekk udekka forbruk Vestlandsrådet 2004 | 12 049 |
| Til overføring Vestlandsrådet | 1 196 257 |